

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Fylke: Hedmark
 Tilleggsspørsmålno. 1- 21 Herad: Tolga
 Emne: Gamal engkultur Bygdelag: Vingelen
 Oppskr. av: Eystein Eggen Gard:
 (adresse): Vingelen G.nr. -- Br.nr. ingengard
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ymse eldre folk
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bygdene her i Nord- Østerdal har gjennom alle tider brukt heimejorda til åker og eng. Dei eldste åkrane vart for det meste nytta til korndyrking og seinare i skifte med poteterna og grønfor. Det første dei eldste rudningsmennene såg etter, var høvelig åkerland, helst i bratt og solbert lende og med noko skog ikring til livd mot nordanvind, stridt, kaldt regn og nattefrost. Men helst måtte åkrane ligge så høgt at ikkje skuggen frå storskogen (barskogen) og frostdraget frå elver eller større bekker skipla kornvoksteren. Det var vandsamt nok likevel å få kornet moge her i fjellbygdene. Derfor legg ein merke til at dei eldste bygdene ligg høgt og helst slik at dei fær mest mogeleg med sol.

Her i Vingelen dreiv folk mykje med korndyrking oppe i bakkane mot skogbandet, men etterkvart som samfersla auka og vart lettare og bøndene vart knytta til Røros kobberverk, kunde dei på ferdene sine som førselsbønder for koparverket henta seg brødkorn frå bygdene i Hedmark, Gudbr. dalen og Tr-lag, eller frå Provianthuset på Røros som vederlag for kjøyringa. Dei fann det ikkje lenger lønsamt å dyrke korn som ofte fraus eller vart stogga i voksteren. Uvettug hogst av skogen oppe i fjellbandet gjorde mykje til at været og hindra voksteren. Bøndene frista framleis med litt korn til malt, men storparten av åkrane grodde att og vart nytta til slåtteland. Men i lang tid etterpå vart nemninga ekre ståande att som eit minne om dei mange små kornåkrane. Ein gard kunde ha åkrar både her og der innanfor bygdelandet, og for å skilja dei åt, fekk dei namn etter garden eller mannen som hadde rudd åkeren. Ymse døme: Persekran, Eriksekran, Semundsekran, Garsekran, Norstuekran, Nystuekran. Etter utskiftinga av dyrkajord i 1896, vart alle desse små kornåkrane samla på ymse hender og lagt i eitt saman med annan jord. Dermed vart og tradisjonen skipla, og ordet ekre fall bort.

Eng som vanleg vart ~~xyddka~~ gjødsla, kallar ein for fraueng.

bit slikt engstykke som ligg i Ingjerdas uttanfor
 og ofte botaanfor grannegarden si jord, har fått
 nemninga gjett eller trø. Gjett er nok den
 eldste namneforma av desse to. Dei første buarene
 måtte ha bette til krøtera sine medan dei enda
 strevde med å bygge seg hus heime, og for
 å nytta heimejorda kring husa mest mogeleg til å
 ker og slåt, heigsa dei inn eit stykke utmark til
 hammerfelt, og her kunne krøtera ofte gå ute til inn-
 mot jul. Det heitte seg at krøtera vart gjætte
 på desse jordstykkene. Gjettene vart godt gjød-
 sla på denne måten, og da ein av dei yngre sønne på
 garden skulde ha seg ein heim, bygde han helst på
 ei gjett eller trø. (Om trø sja nedanfor)
 Den beste jorda som ein bonde etterkvart arbeidde
 opp, vart kalle for træng eller teig.
 I utkantane av jorden, gjetta eller trø, kun-
 de det vera små repper med steinut, skrin og
 vassjuk jord som ikkje nett høvde til træng.
 Desse udyrka og ugjødsle engstripen brukte dei
 å slå som rask eller skrap. Ein sa rask-
 slåt. Avlinga frå trænga vart kalla for
 trængdykk eller goddykk. Frå udyrka jord var
 Storparten av alt høyet kom i gamle dagar frå
 fjellslåttene. Heilt frå 15-1600-åra har bøn-
 dene i Tolga hatt utslåttene sine i seterdalane.
 Utmarka kring bygda har helst vore nytta til kxxx
 heimemann og varesetar. Difor måtte bøndene fara
 5-15 km. Frå sjølv bygdelendet for å slå av
 det beste grasset for folk til å setre.
 Dei som først rudd seg morslåtter i haustsetertak-
 tene, valde seg ut gode grasmyrer og åpne sløg-
 der (kaser). Dei reiste inn til fjellslåt-
 na, og samstundes med slåtten hevda dei seg fiskerett
 i sjøkar og tjønner. Her i dette line, naturlege
 slåttelendet bygde dei seg buer naust og løer, og
 ein kan vel trygt seia at garden si velterd hekk sa-
 man med gode markslåtter. Det vart aldri nytta
 stutorv.

x
 (11) Woko av morslåtten vart nok rudd frå først
 av. Samstundes med at karane brukte
 ljaen, hadde dei øksa hengande i slirreina. Dei hogg
 vek og rudd una seg eine og laukratt, og for
 kvart år vart slåtten utvida på denne måten. Med
 jamm slåt tok ikkje skogen høve til å veksa opp -
 att, men vart sopp vek med ljaen. Ofte var
 skogen og slåtten på ulike hender, men under vedhogst
 eller launing måtte skogelagaren bli etter seg,
 og det vart sett merkestear millom slåtane. Et
 vart ofte kringel om retten til slåteland, men gamle
 folk møtte opp og måtte under eid vitna at dei
 hadde vore med og slæge innanfor det omtvists området.
 Heime på Ingjerdas eng, vart både skog og
 stein rudd vek mest mogeleg. Storstein eller
 bergnabbar vart ofte stående att og vart sprend vek
 i seinare tider da jarnploegen kom. Kvist og
 rask vart nytta til åttang at krøtera eller brenn
 opp. Det kalla det å brenne brata. Vska kom
 vel med som gjødsel på åkrane. Til åska fra omner

3

og eldstader heime på garden , brukte dei å ha ein dunge (ratdunge) Her vart og ymse avfall frå huset elles blanda saman og brukt som gjødsel på åkrane . Alt som kunde tena til hevd eller til bate for åker og eng , vart utnytta på ymse måtar . Dei mest nidkjære f jordbrukarane vilde ikkje at god gjødsel skulde " gå i lufta " og forringast . Difor var det mange som t. d. samla urinen og bar han på saubingen så han vart elta saman med sautallen .

xxx (111)
Mosevakse eng .


Den beste måten å bli kvitt mosen på , var å harva eller harka han vekk og så gjødsla med gjødselvatn (ale , ein) . Det første høyrøet vart samla i løene om våren (høymug) og helst brukt på åker for å få han til å grasbinna seg til grønfør året etter . Det kunde bli mykje ugras på ein slik åker året etter, men det vart grasbotn etterkvart som han seinare vart godt gjødsla . Elles var ugraset ikkje så frykta som i våre dagar . Kjøpt grasfrø vart neppe nytta før ~~folk~~ folk gjekk over til å pløya opp enga .

4
1 V) Myr og vassjuk eng . Vatning .
Det var mogleg at folk freista å veita ut myrer og vassjuk eng , men reidskapane var for det mest av tre , og ein finn ikkje merke etter nokon sers veitekultur . Myrer som hadde høve til avlaup, vart nok av og til grefta , men som regel var den vassjuke jorda helst nytta som raskslått .
Gamle folk kan minnes at store areal av heimejorda ikkje vart retteleg utnytta som fraueng før ploegen kom . Da vart myrene utveita og pløygd .
Difor ser ein at jord som for 70- 80 år sea vart rekna for verdiløus til fraueng , no er den gjevaste .
Ein mann her i bygda hadde så mykje myr innanfor heimejorda si at han at han selde eit større område til grannen for berre nokre få dalar . Denne parten vart pløygd og ~~u~~ utveita til eit framifrå fint fraueng .

I ymse høve har heimejorda vore vatna ved at ein la trerener frå ein bekk og flytta desse etterkvart som jorda trengte vate om våren . Ein gløgg og iherdig bonde her i Vingelen dreiv årvisst med slik vatning av jorda si for 100 år sea . Han la gjødsel i mennene og fløytt denne ut over teigene . Det var mykje arbeid , og han måtte vera på vakt både natt og dag , men ingen fekk slik avling år om anna . No blir jorda snudd så ofte at ~~vatt~~ ~~ninga~~ ninga er mindre naudsynt her i bygdene . Ho høvde best gamal eng som aldri vart snudd .

5
V) Gjødsling .
Storparten av gjødsla vart nok nytta til fraueng for 50- 60 år sea . Ho vart for det meste kjøyd ut om vintrane og lagt i røer eller lass utover enget . Til overgjødsling på eng vart kumøk helst nytta , men og hestemøk . Sautallen kom på åker

Det hakka sund og ~~xxxxxxxx~~ spredde ut mork-
røene . Morkdenga vart og brukt nar gjødsla var
seig og hard , men for det meste vart rukna nytta
till dette arbeidet .



Mange brukte a spre sumargjødsla ut om ~~xxxxxx~~
haussten, . Særlig dei som hadde sumarfjøs heime,
brukte nar snøen kom a kjøyra gjødsla fra desse ut
pa enga . Der vart ho liggande till våren og sa slodd
ned . Vintergjødsla vart velta av lassavis i
røer helst nar det leid ut pa vinteren i mars .
Ein måtte nytta vintertøret . Møksleden var
tett i botnen med ein karm som lett kunde løftast
av , og sa velta ein lassa i jevne rader med eit mil-
lommelom av 2 a 3 meter . Høene vart liggan-
de till dei tinte opp om våren . Da gjekk både ka-
rar og kvinnfolk ut pa teigen med kvar si ruku (ein
spade av tre og ofte med ein jarnsko trampa) (jarn-
skoruku)

V I I I)

Alle husa pa ein gard vart sett pa dei mest hø-
vellege turtene . Dei gamle tok mest omsyn till grun-
nen . Nar denne svikta , var det ei ulykke for
brukaren som elles hadde nok med a halda tak pa alle
dei små og store tømmerhusa sine . Difor trur eg
at ingen tok omsyn till visse engstykke som kunde
få gjødsel fra fjøsgluggane . Som regel vart
husa sett sa høgt som rad var for at snøslasp og
søyle kunde siga vekk fra tunet , men det vart vissat
aldri velta gjødsel ut fra gluggane . Det vate
og turre vart samla i gjødselhaugen og helst kjørd
vekk pa vintertøret etterkvart . Difor kunde
heller ikkje varvatnet fra med seg gjødsel om det
rakte at fjøsgluggen lag høveleg till for ei slik gjød-
sling .
Dei åkrane som vart nytta till korn dyrking eller ~~xxxxxx~~
potetavl , lag helst i bakkar , men her var det vokster-
viklars som spela mest inn . Ein la ikkje åkrane
høgt for at enga skulde få nytte av tilslaget .
Etter arelangt bruk vart mykje av åkermolde gra-
ve nedover , og det vart ein jordvoll (åkerrein , ei)
som heller demte opp for siget vidare nedover .

V I I)


All eng som vart gjødsla både haust , vin-
ter og vår , vart kalla traneng . Enga kunde
vera meir eller mindre god , men avlenga fra all gjød-
sla eng vart kalla for tranhøy eller godhøy i
motsetnad till småhøy eller morkhøy .

VI)

Saman med rat og gjødsel fra privetene . Till po-
teter brukte dei hestemøkk helst og till neper høvde
sautallen sers godt .
Till eit mål traneng rekna dei vanleg med 10
a 15 hestelass . Turr jord krevede meir gjødsel -

7662

Etterpå og helst når det kom litt regn, slodde dei møkka ned i bakken med hest og sloe. Det fins to ~~slag~~ slag av desse sloene -- tømmerloe og rissloe. Den første var laga av fire stokkar omlag 80 cm. lange og helst felt saman med ein dragspon til ein kavl som gjekk átverke med langsiene hekta til skukilen eller skjekene. Under kavlen var det skore inn furer i stokkane. Furene greip inn i gjødselen omlag som ei grøypekvern og mol han sund --- samstundes hindra dei og gjødselen frå å gli tilside. Kavlen såg slik ut:




vimpel



lunde

Rissloen vart laga av 15- 20 små - bjørker omlag 3 m. lange. Dei vart lenka saman i rotendene og fest med jarnlekker til skukilåsen.



rissloe

Ovanpå rissloen la ein gjernast ei gamal uthusdør og batt eit reip over. Han som kjøyrde sto på sloene for å klemma dei nedåt. Medan sloen gjekk, måtte karar og kvinnfolk raka etter med river så gjødsla vart jamna inn i grassvorden og reinska for kvist og rusk. Rissloen er enno i bruk, men tømmerloen blir helst nytta på setervollene for å slo ned haustmøkka.

9) 9) På heimeteigene beitar buskapen kvar haust i omlag 3- 4 viker etter heimflyttinga frå setrene. I morkslåttene brukte dei å slå før buskapen flytta frå vårsetrene. Etterpå kunde så ku og sau beite fritt på dei avslegne vollane, og det er truleg at gjødsla kom slåtten tilgode sumaren etterpå, men dei brukte aldri å rø eller denge sund dei ruvene som låg att på utslåtter.

Den største grunnen til haustbeitinga heime, var nok at inneforinga skulde bli for dryg til høyet.

Ein reknar helst med at beitinga var til bate for buskapen. Enga vart nok gjødsla, men dei små ruvene vart liggande og turka bort i vårveret og var nok av mindre verdi enn den gjødsla som låg i store hauger. Ein kalla dette haustbeitet på heimejorda for "å gå på avlø" (hå).

Det var ingen skilnad på beitinga av dei ymse engstykkane, men ein måtte gjerde inn åkrane.

10) 10) (X)

Det var visst aldri vore noko skifte i denne engbeitinga. Det kunde vel kanskje råke at

Folk i ymse hardar sag seg nøydde til å beita om varen, men det var gamal røyndle at vārbeitet gjorde stor skade på Frauenga. Det gamle heilt strengt på at buskaben skulde gå fra vinterbåsen og i uthammen med ein gong. Difor brukte dei å setja opp gjerdar fra fjøsdøra til utgrinda, og det er enno brukelag. Bin mann som let buskaben sin vārbeite på heimjorda vil for kvar vår bli meir og meir utsett for høymangel, meiner folk.

(X L)

Det ruvene som buskaben la etter seg om hausten på Frauenget, vart om varen dengt sund med rive- naken og raka ut. Bin kallar dette arbeidet "å rø eng." Det var kvinnfolkarbeid og er det enno. Bin brukte ikkje annan reidskap enn ei vanleg onnerive.

X L I

Gamle folk veit å fortelja at for om lag 150 år sea, lag buskaben ute om nettene i Inngjerda ~~KXKX~~ kvier eller trøer. Seinare sette dei sumartjøs opp i utkantane av heimjorda. Det som bygde seg setrer atmed bygda, hadde fjøs der, og dei som flytta til andre setrar utpå sumaren, hadde og fjøs. Om hausten vart så gjødsla fra alle desse fjøsa spredd ut på engene, men aldri på utslattar.

X III til XX XV

Den gamle bruksmåten utan sumartjøs kan ein ikkje godt svara klart på. Det var nok mange ser- skilde måtar, men dei er ute av bruk og minne. Sikkert er det at mjølikekyrne vart samla i ei inn- heining (trø) og vart mjølika der. Desse trøene vart nok som sumartjøsa sett opp i kanten av Frauenget, men ein veit ikkje om gjerdene vart flytta. Bin kunde ha fleire slike trøer bredd - ved kvarandre og det var trulag at folk på denne måten skitta trøer. Når ei slik trø etter trakk og gjødsling hadde fått ein tett og jamn sword, vart ho sikkert gjerdar inn i Frauenget. Gjødsla på trøene vart samla i hauger og dengt sund med mōkdenge.

(XX -- X V I)

Kring kutrøene brukte dei å brenna på til stjerdle mot udyra. Det var ein bjønn som rauk på eit slikt pål, men brennde seg så stygt at han luska skam- full inn i skogen att. Det brukte og å skyta med laust (løyssa skott) Elles var det buhunden som varsla og vakta. Elles var det buhunden som varsla og vakta. Andre vaktpostar eller grind - nus har eg aldri høyrd snakke om. Hjurningen fekk ikkje mat ved grindene det eg veit. Han jaga buskaben inn i trøene og fekk mat inne i setret. Bin, det var ein mann her i bygda som hadde eit

~~xxxxxxx~~ rullande sauefjøs . Han flytta det att og fram etter setervollen for omlag 60 år sea . Dette huset har neppe nokon tradisjon her i bygdene . Truleg hadde mannen teke etter systemet frå andre bygder som vanleg brukte det .

19)

Det einaste ~~xxxxxxx~~ brukelege stadnamnet frå Asen si ordbok må her i bygdene vera trød eller trø . Det må skriva seg frå trøing , trattle der kua stod når ho vart mjølka på trøene . Seinare gjekk så nemninga over på ymse engstykke som frå først av hadde vore kutrø . Difor finn ein særleg i Nord-Østerdal ei mengd av gardnamn som både byrjar og endar med trø . Døme : Trøeng , Trøvang , Trøen , Stortrøen , Lilletrøen , Åstrøen , Gamletrøen , Nytrøen .

20)

Alle som rudde seg seterlende , byrja straks å dyrka opp volla r (setervollar) . Denne bruksmåten har aldri vore endra og er nytta framleis . Setervollen vart gjødsla om hausten og slodd om våren . Da pløygde ein og opp små åkrar som vart nytta til grønfor .

21)

Stort sett har det aldri vore nytta anna gjød-sel enn frå husdyr og folk . Ymse avfall som oske, rat og rotna lauv muna så lite når ein spréidde det det ut over åker og eng .

Det beste frau høyet eller godhøyet vart i gamle dagar samla i " ferdesløa " . Hestar som vinteren lang gjekk med lass etter ferdesvegane , måtte helst ha den beste foringa . Difor vart høyet frå ferdesløa mest nytta til den lange og tunge kjøyringa (malm , kol og vareførsle frå og til Røros verk) . Så var det mjølkekyrne som stod nærast godhøyet . Det kunde og vera høy frå morkslåttene som med sin sterke og friske aroma lokka fram mathugen . Særleg var det ein slåtte-dal i nordvest for Vingelen (Busjødalen) som kunde tevla med den beste frauengkulturen . Her var graset så langt og skirt at ein brukte å hesja det . Det som kanskje mest avgjorde kvaliteten av morkhøyet, var om ein fekk det under tak før det vart skadd av regnet .

Dei som slo i morka seint på hausten , vart mykje utsett for dårleg vær . Det nye omskiftet i jordbruksnæringa , har gjort ende på morkslåttrøesla . Slåttebuene og i hundrad-tal av høyløer er no rivne eller rotne i bakken . Slåttene veks att etter å ha vore nytta gjennom tri hundradår , og snart er det ingen som kan fortelja om k dette travle onnelivet i kåser og myrer . Trass i alt slitet hadde denne næringsvegen sine romantiske og folkelivsfriske kjelder . Karane sto i solrenninga og brynte ljåene sine medan dei spreke gjentene sprang og breidde ut skårane . Ingen stad smaka surmjølka så godt som i morkslåtten, sa folk . Liv og lått , song og ljose hugsviv fylgde morkafolket . Det var eit bilete på ekte og uforfalska naturglede .